

43 elghundar til utstilling på grusbana

24.05.2011



Anita med ein 3 månader gammal hvalp under utstillingen i Uskedalen i fjor.

**Laurdag blir det elghundutsilling for tredje gong på grusbana og
43 hundar er påmeldte. Det er ein klar auke frå i fjar då det vart
stilt 35 hundar, Men det deltek berre 1 gråhund og 1 svensk kvit
utanom dei 41 svarthundane.**

**Så mange av denne dominerande elghundrasen på våre kantar
har det ikkje vore med sidan eit treff i Uskedalen for rundt 5 år sidan.**

Kvelden før utstillingen blir det sosialt samver på utstillingsplassen,
men kor mange som kjem til dette er det førebels for tidleg å veta då påmeldinga
pågår framleis, melder primus motor Anita Lie.

Også for 2 år sidan var det vel 30 hundar med og utstillingen tek med andre
ord til å bli ein god tradisjon.

- Det er greitt og praktisk å ha denne mönstringa i Uskedalen, seier Anita.

Arild Berget er dommar dette året og utstillingen er som ein forstår ope for alle
7 elghundrasane.

Hordaland Elghundklubb, som no har fått Tore Dale som leiar,
står som arrangør.

Klubben har 160 medlemer og driv også med jaktprøver, blod- og
fersksporprøver og bandhundkurs.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen